

## Utdrag frå PS 12/19 i Fellesnemnda-AU 26.03.19

### a) Samansetjing

Fylkeseldrerådet (FYEL) vil ha ei samansetjing på ni medlemmer oppnemnde av fylkestinget. To av medlemmane skal vere fylkestingsrepresentantar og syv medlemmar vert valde etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeiningar. Fleirtalet av medlemmane i fylkeseldrerådet skal på valtidspunktet ha fylt 60 år. Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom medlemmane. Val av leiar og nestleiar skal skje ved fleirtalsval. Fylkeseldrerådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden. [...]

### b) Oppgåver og mandat

Forskrift til ny kommunelov har lagt ned delegasjonssperre frå fylkesting og ned til medverknadsorgana. Fleire stader har det vore praksis at medverknadsorgana rår over små midlar til fordeling. Dette vil ikkje vere mogleg slik forskrifta ligg no, og den einaste avgjerande myndigheita medverknadsorgana vil ha er saker som går på eigen organisasjon, til dømes budsjett. Prosjektleiar er kjent med at det føreligg fleire reaksjonar blant ulike organisasjonar på dette punkt og det er venta at det kjem inn fleire høringsutspel til departementet.

Medverknadsorgana skal ha ei høgst reell medverknadskraft og dei skal kunne gi råd til fylkeskommunale verksemd med verknad for eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom samt fråsegner innanfor sitt arbeidsområdet på vegne av organet gje sjølvstendige fråsegner innan sitt arbeidsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ. Dette fordrar at administrasjon bidreg til at relevante politiske saker blir presentert for medverknadsorgana.

### c) Arbeidsmåte

Felles for alle medverknadsorgana er at dei skal ha minst seks møter kvart år og elles etter behov. Fylkeseldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne kan i tillegg velje å ha eit arbeidsutval (AU) beståande av leiar og nestleiar. AU vil i tilfelle møte i forkant av dei ordinære møta. [...]

### d) Vestland fylke sitt ansvar

Departementet har gjennom forslag til forskrift lagt opp til eit større ansvar ovanfor fylket enn lovgjevinga elles speglar i dag. Vestland fylkeskommune skal leggja fram saker som angår eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom på eit så tidleg tidspunkt at rådets uttale kan ha moglegheit til å påverke utfallet av saka. Dette er eit av punktene medverknadsorgana i Hordaland og Sogn og Fjordane har peika på som ein svakheit hjå administrasjonen, og prosjektleiar ser det som positivt at det lovfestast og blir ei konkret ansvarsformulering i reglementet. I den forlenging skal Vestland fylkeskommune bidra til å auka kompetansen til medverknadsorgana i samband med administrative og politiske prosessar.

Vidare skal alle medverknadsorgana ha eit tilfredsstillande sekretariat. Det er på dette tidspunkt noko uklårt kva lovgjevar legg i eit «tilfredsstillande sekretariat», og det er kome signal på at dette og er eit punkt som kjem til å bli spilt inn til departementet. Særleg i koordinatorkoordinatornettverk for ungdom er det stilt spørsmål rundt finansiering av eit sekretariat og tilstrekkeleg rådgjeving når kommunar og fylkar skal slås saman. Med eit mykje større geografisk område og spredning av rådsmedlem, så kan ein få ei utfordring med føresetnaden og gjennomføring av lovgjevars krav. [...]